

Skjåk kommune

Oppvekst-og omsorgssjefen

330-00

200704169

- 402

Barne- og familiedepartementet
Postboks 8036 Dep
0030 Oslo

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Dato: 10. januar 2005

Høyringsuttale om ny barnehagelov

Vi viser til brev av 09.11.04 med framlegg til ny barnehagelov.

I samandraget heiter det at lova legg til rette for nye etableringar, kommunalt handlingsrom og mangfald i tilbodet. Vidare heiter det at det er eit overordna mål at statleg regelverk retta mot kommunesektoren i minst mogleg grad legg bindingar på kommunane si oppgåveløysing.

Framlegget legg opp til endringar i fylkesmannen sitt tilsyn, skjerping av kommunane si godkjenningplikt, m.v. Når det gjeld kap.5 om fagleg forsvarleg personaldekning, så er det lagt fram to hovudalternativ, det eine er å vidareføre dagens system med forskriftsfesta krav til pedagogtettleik, og det andre er å fokusere på krav om fagleg kvalifisert personale utan at dette er spesisert i lova.

I samband med Kommunalkomiteen si behandling av kommuneproposisjonen for 2004, vart det fleirtal for overgang til rammefinansiering av barnehagesektoren frå 1.januar 2006. Med dette vil finansieringa av barnahagedrifta skje på same måte som for dei andre kommunale tenestene. For å unngå prioriteringsvridningar i høve dei andre sektorane, vil dette måtte følgjast av ei vidare rammelovgivning også når det gjeld fagpersonale, slik det er lagt opp til i alternativ 2.

Styrarane i barnehagane i Skjåk kommune er imidlertid uroa for at bortfall av normer for pedagogisk bemanning og arealnrm på bygg vil føre til at kvaliteten på barnehagetilbodet blir forringa, og at tilbodet vil utvikle seg ulikt rundt om i landet. Dei meiner derfor at styrar og pedagogisk leiar skal ha førskulelærarutdanning, og dei ynskjer også å behalde norm for pedagogtettleik.

Omsynet til fagleg leiing og kvalitet er viktig. Difor er det grunn til å presisere at skal arbeidet med kvalitet i barnehagane halde fram, må innlemminga av barnehagetilskotet i

Adresse:
2690 SKJÅK

Telefon:
61217160


Telefaks:
61217001

Bankgiro:
2085.07.40004

Postgiro:
0807.54.57007

inntektssystemet ikkje føre til ein samla rammereduksjon for kommunesektoren. Gode økonomiske rammer vil vere avgjerande for barnehagane sin kvalitet, som det er det for dei andre kommunale tenestene. Det vil og vere viktig med rettleiingsmateriale for kommunane med omsyn til pedagogisk bemanning, kvalitetsutvikling, m.v. Her vil ein måtte sjå på kva som er gjort i grunnskulen.

Helsing



Unnvald Bakke

Oppvekst- og omsorgssjef